

gnr. 18, 20, 22, 25, 29, 30, 32, 36, 37, 38, 49



**Utdrag av  
Rettsbok**

for

Ytre Nordhordland jordskifterett

Sak 3/1975

År 1978, den 13. juni vart jordskifterett sett i stølshuset til Arthur Kleiven på Storevasstølen i Masfjorden herad.

Rettsformann : Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn : 1.Sivilagr. Øystein Vikane, Mastrevik.  
2.Sjåfør Karsten K. Kaland, Fønnes.

Protokollfører : Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 3/1975.

Saka gjeld : Grensegang mellom Storevasstølen og desse tilstøytande stølar :  
Kalvedalen, Nordalen, Kvinge søre,  
Kvinge nordre, Kvingedal, Reknesstølen  
og Kvammestølen som alle ligg i Masfjordsfjella.,

Saksøklarar :

Storevasstølen :

|                 |          |         |        |
|-----------------|----------|---------|--------|
| Sjur M. Myr,    | gnr. 30, | bnr. 2, | Lindås |
| Anfin Kleiven,  | " 32,    | " 1,    | "      |
| Arthur Kleiven, | " " "    | 3       | "      |
| Johs. Hauge,    | " 29,    | " 3     | "      |
| Ingrid Myr,     |          |         |        |
| Ivar Åsgard,    | " 22,    | " 2,3   | "      |

Saksøkte :

Kvinge Nordre :

|                      |       |     |             |
|----------------------|-------|-----|-------------|
| Eivind Kvinge,       | " 37, | " 1 | Masfjorden. |
| Leif L. Kvinge,      | " " " | 2   | "           |
| Bjarne B. Kvingedal, | " " " | 3   | "           |
| Ivar S. Kvinge,      | " " " | 4   | "           |
| Olav Fjelberg,       | " " " | 5   | "           |
| Harald Kvingedal,    | " " " | 6   | "           |
| Oskar Fredheim,      | " " " | 7   | "           |
| Erna Kvinge,         | " " " | 8   | "           |
| Alf H. Kvinge,       | " " " | 9   | "           |
| Kristine Rognøy,     | " " " | 10  | "           |

|                    |         |         |             |
|--------------------|---------|---------|-------------|
| Alf Kvinge,        | gnr. 37 | bnr. 11 | Masfjorden. |
| Sigmund Solbakken, | "       | "       | 14          |
| Magnus H. Kvinge,  | "       | "       | 16          |

Kvinge Søre :

|                   |   |    |   |    |   |
|-------------------|---|----|---|----|---|
| Leif S. Kvinge,   | " | 38 | " | 1  | " |
| Asbjørn Kvinge,   | " | "  | " | 4  | " |
| Olav A. Kvinge,   | " | "  | " | 5  | " |
| Magnus E. Kvinge, | " | "  | " | 6  | " |
| Trygve Kvinge,    | " | "  | " | 7  | " |
| Ingolf Kvinge,    | " | "  | " | 8  | " |
| Lars S. Kvinge,   | " | "  | " | 10 | " |
| Anton Nygardsbu,  | " | "  | " | 12 | " |
| Borghild og       |   |    |   |    |   |
| Jenny Kvinge      | " | "  | " | 13 | " |
| Arnt O. Kvamme,   | " | "  | " | 14 | " |
| Edvard O. Kvinge, | " | "  | " | 15 | " |

Kvingedal :

|                    |   |    |   |   |   |
|--------------------|---|----|---|---|---|
| Olav Kvingedal,    | " | 36 | " | 1 | " |
| Astrid Eide,       | " | "  | " | 2 | " |
| Birger Kvingedal,  | " | "  | " | 3 | " |
| Godfred Kvingedal, | " | "  | " | 4 | " |

Kalvedalen :

|                   |   |    |   |   |         |
|-------------------|---|----|---|---|---------|
| Sverre Sævrås,    | " | 49 | " | 8 | Lindås. |
| Nils Sævrås,      | " | "  | " | " | "       |
| Helene Hodneland  | " | "  | " | " | "       |
| Martin Hodneland, | " | "  | " | " | "       |
| Irene Hodneland,  | " | "  | " | " | "       |

Nordalen :

|                     |   |   |   |   |   |
|---------------------|---|---|---|---|---|
| Karstein Sævrås,    | " | " | " | 4 | " |
| Asle Nevdal,        | " | " | " | " | " |
| Ivar Kleiven,       | " | " | " | " | " |
| Johannes J. Vettås, | " | " | " | " | " |
| Nils Bjørnevoll,    | " | " | " | " | " |
| Etil Bjørnevoll,    | " | " | " | " | " |
| Brynjulf og         |   |   |   |   |   |
| Johan Hundvin,      | " | " | " | " | " |

Reknesstølen :

|                        |                              |
|------------------------|------------------------------|
| Johannes Johansen,     | gnr. 18 bnr. 1 i Masfjorden. |
| Sigrid Monsdtr.,       |                              |
| og Alfred Norli,       | " " " 2,3 og 8 "             |
| Bergit Haukeland,      | " " " 4 "                    |
| Berger B. Duesund og   |                              |
| Johanna B. Duesund,    | " " " 6 "                    |
| Olav G. Totlandsdal,   | " 25 " 1 "                   |
| Ansgar H. Birkeland og |                              |
| Martha Birkeland,      | " 20 " 1 "                   |
| Gunvald Reknes,        | " " " 2 "                    |
| Hans Reknes,           | " " " 4 "                    |

Kvammestølen :

Olav N. Eide,  
 Alfred A. Helland,  
 Einar Nilsson Mølvik,  
 Norvald Eide.

Frammøtt i retten var :

For Sjur M. Myr møtte sonen Bjørn Myr med skriftleg fullmakt, Anfinn Kleiven, Arthur Kleiven, for Johs. Hauge møtte Ingvar Hauge med skriftleg fullmakt, for Ingrid Myr møtte Ivar Åsgard med skriftleg fullmakt og Ivar Åsgard møter også for sitt eige bruk, Eivind Kvinge, Leif L. Kvinge, Bjarne L. Kvingedal, for Ivar S. Kvinge møtte dottera Magnhild Kvinge med munnleg fullmakt, Olav Fjellby, Oskar Fredheim, for Erna Kvinge møtte sonen Bjørn Rune Kvinge med munnleg fullmakt, Alf H. Kvinge, Alf Kvinge, Sigmund Solbakken, Leif S. Kvinge, Asbjørn Kvinge, Olav A. Kvinge, Trygve Kvinge, Ingolf Kvinge, Leif S. Kvinge møter også for Bonghild og Jenny Kvinge med munnleg fullmakt, for Olav Kvingedal møter Oddvar Kvingedal med munnleg fullmakt, Birger Kvingedal, Godfred Kvingedal, for Sverre Sævrås møtte Olav Nilsen Hodneland med skriftleg fullmakt, Nils Sævrås, Martin Hodneland som også møter for Helene Hodneland med munnleg fullmakt, for Irene Hodneland møtte O.N. Hodneland med skriftleg fullmakt,

for Karstein Sævrås møtte Ole L. Sævrås med munnleg fullmakt, Asle Nævdal, Sigvart Nævdal, Ivar Kleiven, for Johannes J. Vettås møtte Harald Fjellsbø med skriftleg fullmakt, for Etil Bjørnevoll møtte Ivar Kleiven, for Brynjulf og Johan Hundvin møtte Lars Einestrand med skriftleg fullmakt, for Sigrid og Alfred Nordli møtte Alfred Nordli, for Berger B. Duesund og Johanna B. Duesund møtte Johanna B. Duesund, for Ansgar og Marta Birkeland møtte Marta Birkeland, Gunnvald Reknes.

Desse var lovleg varsla, men møtte ikkje :

Harald Kvingedal, Kristine Rognøy, Magnus H. Kvinge, Magnus E. Kvinge, Lars S. Kvinge, Anton Nygårds bu, Arent O. Kvamme, Edvard O. Kvinge, Astrid Eide, Kåre Bjørnevoll, Johannes Johansen, Bergit Haukeland, Olav G. Totlandsdal, Hans Reknes, Olav N. Eide, Alfred A. Helland, Einar Nilssen Molvik og Norvald Eide.

Det vart no opplyst at eigarane frå Kvammestølen ikkje var partar i saka.

Rettsformannen opplyste no at jordskiftemann Låstad Lygre hadde meldt skriftleg fråfall til dette møtet og varamann Magne Askeland hadde meldt munnleg fråfall til rettsformannen.

Rettsformannen las opp §§ 106-108 i Domstollova og etter tilspurnad frå rettsformannen kom der ingen merknad til samansetjinga av retten og retten sa seg gild i saka.

Båe jordskiftemennene har før gjeve den påbodne lovnad som jordskiftemann.

Framlagt i retten vart :

1. Krav om denne grensegangssak av 6/3-1975 underteikna av Ivar Åsgard.
2. Skriv av 17/7-77 frå Ivar Åsgard.
3. Gjenpart av innkalling av 6/5-1978, vedkomande dette rettsmøtet, vedhefta fire postkvitteringar for rek.brev til partane.
4. Oppgåve over partane.

5. Forfallsmelding frå Låstad Lygre.
6. Fullmakt av 13/6-78 frå Sjur Myr.
7. " " 10/6-78 " Johs. M. Hauge.
8. " " 24/5-78 " Ingrid Myr.
9. " " 10/6-78 " Sverre Sævrås.
10. " " 27/6-76 " Irene Hodneland.
11. " " 10/6-78 " Karstein Sævrås.
12. " " 10/6-78 " Johs. J. Vetås.
13. " " 26/5-78 " Johan Hundvin.
14. " " 26/5-78 " Brynjulf Hundvin.
15. Rettsak A 1843 vedkomande Kalvedalen.
16. Skøyte av 20. mai 1870 frå Amund Sjursen.
17. Pantobligasjon av 17. desember 1923 for Helga Andersen Stald.
18. Skøyte av 10. april 1907 frå Sygni Olsdatter Kleiven.
19. Grensegang av 1833 mellom Reknesstølen og Storevasstølen.
20. Utskiftingsforretning av 9. oktober 1838 vedkomande Nordalen.
21. Utskiftingsforretning av 17. september 1827 vedkomande Nordre Kvinge.
22. Åstedsak av 18. juli 1854, vedkomande garden Duesund.
23. Festesetel av 31/5-1823 frå garden Fjelle, vedkomande stølen Kalvedalen.
24. Sak av 27. oktober 1785 mellom Nordre Kvinge og Hans Hauge.
25. Skøyte av 29. mai 1775 frå Johannes Andersen Horvei til Johannes Helgesen Fenne.
26. Skøyte av 30. mai 1775 frå Johannes Helgesen Finne til Sjur Knutsen Bolstad.
28. Bygselsetel av 24. mai 1819 frå Ole Sjursen Fjelde til Næssebøe Gjellerøvig.
29. Sak av 30. oktober 1829 mellom Korskyrkja og oppsitjarane på Søre Kvinge.
30. Utskiftingsforretning av 5. september 1836, vedkomande Søre Kvinge.
31. Utskiftingsforretning av 17. september 1827 på Kvinge nordre.

32. Skriv av 14/2-1977 frå jordskiftedommaren til dei ymse partsgrupper.
33. Skøyte av 21. mai 1792 frå Hans Olsen Hauge til Knud Hansen.
34. Skøyte av 1. mai 1811 frå Knut Hansen Hauge til John Olsen Kleiven.
35. Skøyte av 26. oktober 1838 frå John Olsen Kleiven til Ole Johnsen m.fl.
36. Fotostat av matrikkelkommisjonen vedkomande garden Hauge.
37. Skriv av 17/2-1977 frå O.N. Hodneland.
38. Skylddeling av 27. september 1906 vedkomande stølen Kalvedalen.
39. Skøyte av 9. november 1906 frå Anders Rasmussen og Ole Jakobsen Fjelde vedkomande stølen Kalvedalen.
40. Sak av 19. og 20. juli 1854 mellom Duesundstølen og Fjelde.
41. Grensegangsak av 20. august 1974 vedkomande Kalvedalen.
42. Sak av 22. oktober 1845 mellom Anders Olsen Fjelde og Ole Johnsen Kleiven.
43. Skylddeling av 27. september 1906 vedkomande Kalvedalen.
44. Skøyte av 9. november 1906 vedkomande Kalvedalen.
45. Skriv av 18/2-1977 frå Johs. Solbakken.
46. " " 17/6- " " Alf Kvinge.
47. Skylddelingsforretning av 10/11-1891, vedkomande "Pladtset" på garden Nordre Kvinge.
48. Skriv av 17/6-1977 frå Hans Reknes.
49. Skøyte av 14. oktober 1837 frå Fuse Johannesen Reknes til Christen Christensen Sannes.
50. Skylddelingsforretning av 7. mai 1839 vedkomande Reknesøya.
51. Skylddelingsforretning av 21. juli 1873 vedkomande Botnane, Nordalstølen.

Av dei framlagde dokument vart opplest det dei møtande fann turvande.

Saksøkjaraane fekk so ordet og ba om å få grensegangssaka framja og sa at grensene for heile Storevasstølen sitt stølsområde var uklære og dårleg avmerka. Dei held og fram at stølsområdet var til full eigedom for saksøkjaraane..

Partane frå Kvinge nordre påstod at det var Kvinge nordre som hadde grunneigedom retten i stølsområdet Storevasstølen og dei som hadde stølt der hadde berre ein bruksrett til beite og støl.

Ein part frå Nordalstølen meinte også at Storevasstølen var ein støls- og beiterett for dei som har stølt der, medan grunneigedom retten tilhøyrer garden Fjelle som i dag er eigd av Nordhordland kommunale kraftlag.

Rettsformannen opplyste no at dette er ein rettsleg tvist som er turvande å avgjera i samband med grensegangssaka, men partane måtte få lenger tid på seg til å førebu seg til dei endelege prosessinnlegg vedkomande ein so stor tvist. Nordhordland kommunale kraftlag er dessutan ikkje innkalla i denne sak og retten vedtok at Nordhordland kommunale kraftlag skal verta gjord kjend med det som er handsama i dette rettsmøtet og vert å innkalla til neste rettsmøte i saka.

Partane vart pålagde å senda inn eventuelle grunngjevne prosesskriv og dokument som vedkjem det ovannemnde tvistesporsmål. Dette bør vera innkome til jordskifteretten innan 1. januar 1979.

Rettsformannen spurde so partane om bruksrettsgrensene eller den eventuelle eigedomsgrense ville vera samantfallande og dette sa partane greidt frå om at grensa ville i alle høve verta den same.

Alle møtande var då samde i at grensene kunne no oppgåast og eventuelle tvistar vedkomande grensene skulle påvisast i marka.

Retten saman med partane tok så til med å gå opp grensene og der var ingen stad tvist om grensene og nye grensemerker vart slegne i alle knekkpunkt og alle partane godtok desse på staden. Desse grensemerka vert å måla inn på kart før neste rettsmøte og grensene vil då verta endeleg skrevne.

Dette møtet kostar :

.....

Sum kr. 2.835,80

som førebels vart betalt slik :

Nordalstølen ved Asle Nævdal kr. 300,00

Storevasstølen ved Ivar Åsgard " 2.535,80

Sum kr. 2.835,80  
=====

Rettsboka vart lest opp i rettslokalet den 16.juni etter at tid og stad vart gjord kjent for partane og tilstades ved opplesinga var :

Magnhild Kvinge, Eivind Kvinge, Arthur Kleiven, Anfin Kleiven, Ivar Åsgard, Alf H. Kvinge, Olav A. Kvinge, Asbjørn Kvinge, Ingvar Hauge, Sigmund Solbakken, Bjarne Kvingedal, Oskar Fredheim og Bjørn Rune Kvinge.

Etter tilspurnad frå rettsformannen kom der ingen merknad til leiinga av retten eller føring av rettsboka.

Jordskiftemennene vart utbetalte.

Saka vart hermed utsett.

Partane vart samde om at varsel til seinare møter kan gjerast ved at rettsformannen varslar ein frå kvar stølsgrend minst 14 dagar føreåt og at desse partar straks skal varsle dei andre partane i vedkomande stølsgrend.

Desse partane skal mottaka varslet :

|                   |                   |
|-------------------|-------------------|
| Leif S.Kvinge     | for Søre Kvinge.  |
| Eivind Kvinge     | " Nordre Kvinge.  |
| Ivar Åsgard       | " Storevasstølen. |
| Gunvald Reknes    | " Reknesstølen.   |
| Olav Kvingedal    | " Kvingedal.      |
| Ivar Kleiven      | " Nordalen.       |
| Olav N. Hodneland | " Kølvedalen.     |

Retten heva.

Storevasstølen den 16. juni 1978.

Sverre Aardal  
(s)

Øystein Vikane (s)

Karsten Kaland (s)

År 1979, den 3. september vart jordskifterett sett vedkomande Storevasstølen i det gamle skulehuset på Kvinge nordre i Masfjorden herad.

Rettsformann : Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn : 1. Øystein Vikane, Mastrevik.  
2. Karsten K. Kaland, Fonnes.

Dei oppnemnde jordskiftemenn Låstad Lygre og den oppnemnde varamann Magne Askefjord har baa meldt skriftleg forfall til dette rettsmøtet.

Protokollfører : Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 3/1975 - utsett etter rettsmøte av 16. juni 1978.

Saka gjeld : Grensegang mellom Storevasstølen og desse tilstøytande stolar :  
Kalvedalen, Kvinge søre, Kvinge nordre, Kvingedalen og Reknesstølen.

Tilstades i retten var :

Sjur M. Myr, Anfinn Kleiven, for Ingrid Myr møtte Ivar Åsgard, med skriftleg fullmakt, Ivar Åsgard, Arthur Kleiven, Eivind Kvinge, Leif L. Kvinge, Bjarne B. Kvingedal, Ivar S. Kvinge, Olav Fjellby, Harald Kvingedal, Oskar Fredheim, Bjørn Rune Kvinge som no er ny eigar for gnr. 37, bnr. 8, Alf H. Kvinge, Alf Kvinge, Sigmund Solbakken, for Magnus H. Kvinge møtte broren Alf Kvinge med muntleg fullmakt, Leif S. Kvinge, Asbjørn Kvinge, Olav A. Kvinge, Ingolf Kvinge, Birger Kvingedal, Sverre Sævrås, Nils Sævrås møtte seinare, for Helene Hodneland møtte Martin Hodneland med skriftleg fullmakt, Martin Hodneland, for Irene Hodneland møtte Sverre Sævrås med skriftleg fullmakt, Asle Nævdal, Ivar Kleiven, Olav J. Vetås som ny eigar for bruket til Johannes J. Vetås, Kjell Bjørnevoll som er ny eigar for bruket til Nils Bjørnevoll, Nordhordland kraftlag ved Ivar Eidsheim.

Desse var lovleg varsla, men møtte ikkje :

Johs. Hauge, Kristine Rognøy, Magnus E. Kvinge, Trygve Kvinge, Lars S. Kvinge, Anton Nygards bu, Borghild og Jenny Kvinge, Arant O. Kvamme, Edvard O. Kvinge, Olav Kvingedal, Astrid Eide,

Godfred Kvingedal, Karsten Sævrås, Etil Bjørnevoll, Brynjulf og Johan Hundvin, Johannes Johannesen, Sigrid Monsdtr. Nordli og Alfred Nordli, Birgit Haukeland, Berger B. Duesund og Johanna B. Duesund, Olav G. Totlandsdal, Ansgar H. Birkeland og Martha Birkeland, Gunvald Reknes, Hans Reknes.

Eigarane frå Kvammestølen er ikkje varsla då det er opplyst at desse ikkje er partar.

Rettsformannen refererte §§ 106-108 i domstollova og etter tilspurnad frå rettsformannen kom det ingen merknad til samansetjinga av retten og retten sa seg gild i saka.

Framlagt i retten vart :

52. Gjenpart av innkallingsskriv til dette rettsmøtet av 13. august 1979, vedhefta partsoppgåve for dei ymse stolar og veehefta postkvittering av 14.8.79, Haukeland, for rek. brev til ein part i kvar stølsgard.
53. Fullmakt av 2. september 1979 til Sverre Sævrås frå Irene Hodneland.
54. Fullmakt frå Helene Hodneland av 3/9-1979 til Karstein Martin Hodneland.
55. Fullmakt av 2/9-79 frå Ingrid Myr til Ivar Åsgard.
56. Forfallsmelding av 24/8-79 frå Magne Askeland.
57. Forfallamelding frå Hans Jakob Låstad Lygre til dette rettsmøtet.
58. Prosesskriv av 10. januar 1979 frå Eivind Kvinge m.fl.
59. Kongeskøyte av 17. oktober 1811 til John Olsen Kleven.
60. Prosesskriv av 30/12-1978 frå Ivar Åsgard, vedhefta utgreiingskråv om Storevasstølen.
61. Skøyte av 3. november 1825 frå Torger Mathiesen og Ole Sjursen Fjelde til Johannes Knudsen Stein og Ole Olsen.
62. Utskrift av grunnboka vedkomande Storevasstølen.
63. Fotostat vedkomande grenseskildring kommunegrensa Masfjorden - Hosanger av 15. august 1932.
64. Skylddeling av 6/6-1848 for plassen Hagen under garden Kleiven.
65. Gjenpart av skriv av 16/8-1978 til Nordhordland kraftlag frå jordskiftedommaren, vedkomande denne sak.

66. Skriv til jordskiftedommaren i Ytre Nordhordland av 3. september 1979 frå Nordhordland kraftlag.
67. Fotostad av utskiftingsforretning tinglest 2-4/12 1834, vedkomande gardane Sætre, Eikemo og Eikefet i Hosanger.
68. Fotostat frå grunnboka vedkomande Kvammesætra.
69. Topografisk kart m. 1:50 000 for Masfjorden.
70. Kart over grensegangsområdet Storevasstølen av 1978.

Av dei framlagde dokument vart opplest det som dei møtande fann turvande og dessutan vart opplest av dei tidlegare framlagde dokument så mykje som dei møtande fann turvande for dette møtet.

Dei møtande fekk sjå over det utarbeidde grensegangskart og der kom ingen merknad til dei avlagde grensemerker som partane var samde om i det førre rettsmøtet.

Rettsformannen sa no frå om at det var meininga å slutt-handsama tvistespørsmålet mellom stølseigarane på Storevasstølen og eigarane frå Kvinge nordre om grunneigdoms-retten til Storevasstølsområdet.

No fekk saksøklarane ordet og fekk målbera alt dei fann turvande for sitt syn i dette tvistespørsmål og dei konkluderte med at dei 6 som har stølar i Storevasstøls-området har full eigedomsrett innan dei grenser ein vart samde om i fjor. Deira grunngjæving vert å taka inn i orskurden seinare i denne sak.

No fekk eigarane frå Nordre Kvinge ordet og dei fekk målbera alt dei fann turvande for klårgjeving av sitt syn på tvistespørsmålet og dei førde 2 vitner i saka og desse var: Rikka Kvingedal, 74 år og Sollaug Birkeland, 68 år, vitna vart formana av rettsformannen og gjord kjend med ansvaret ved vitneforklaring.

Eigarane frå Nordre Kvinge påstod at dei hadde grunneigdomsretten til heile tvistefeltet og beiterett i tvistefeltet til ligs med dei som stølar i Storevasstølsområdet.

Nordhordland kraftlag sa frå om at dei ingen ting eigde på land innan tvistefeltet, men at dei påstod å ha eigedomsrettar til Storevatnet for den del som ligg innan tvistefeltet.

Grunngjevingane frå dei 2 siste partsgrupper vil også verta innteke i rettsboka seinare.

Mekling i saka førde ikkje fram.

Retten saman med partane tok synfaring på Nordre Kvinge sitt stølsområde og tvistefeltet den 3. september og herunder fekk alle målbera det dei fann turvande for retten og partane vart eksaminerte under synfaringa.

Retten held fram med arbeidet sitt til og med den 5. september 1979, då partane held sine siste prosessinnlegg.

Partane sa no greidt frå om at dei ikkje hadde fleire vitner å føre, eller fleire dokument å leggja fram i saka og heller ikkje fleire ting å målbera i saka.

Rettsformannen sa no rettsforhandlinga slutta og saka vert å taka opp til avgjerd av retten.

Dette møtet kostar :

.....

Sum kr. 1593,50

Partane vart gjord kjende med at neste rettsmøte i saka vert fredag den 14. september 1979 kl. 10 i det gamle skulehuset på Kvinge nordre i Masfjorden der saka vil verta kunn, gjord.

Etter tilspurnad frå rettsformannen kom der ingen merknad til leiinga av retten eller føringa av rettsboka.

Saka vert hermed utsett.

Retten heva.

Kvinge nordre i Masfjorden, 5/9-1979.

Sverre Aardal  
(s)

Øystein Vikane (s)

Karsten Kaland (s)

År 1979, den 14. september vart jordskifterett atter sett i det gamle skulehuset på Kvinge nordre i Masfjorden herad.

Rettsformann : Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn : 1. Øystein Vikane, Mastrevik.  
2. Karsten Kaland, Fønnes.

Dei oppnemnde jordskiftemenn Låstad Lygre og den oppnemnde varamann Magne Askeland har baa meldt forfall til dette rettsmøtet.

Protokollfører : Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 3/1975 - utsett etter rettsmøte av 5/9-1979.

Saka gjeld : Grensegang mellom Storevasstølen og desse tilstøytande stolar :  
Kalvedalen, Kvinge søre, Kvinge nordre, Kvingedal og Reknesstølen.

Der kom framleis ingen merknad til retten si samansetning og retten sa seg framleis gild i saka.

Alle tidlegare dokument i saka vart hatt tilstades i retten.

Denne saka gjeld fastlegging av grensene rundt den såkalla Storevasstølen og partane frå Storevasstølen som framanfor i saka er nemnde er saksøkjalar i saka.

Under rettsmøtet 13. - 16. juni 1978 synte det seg at det ikkje var tvist om grensene rundt Storevasstølen og det var heller ikkje tvist om at denne grensa var full eigedomsgrense for Storevasstølen og dei her nemnde tilstøytande stølsgrender: Kalvedalen, Reknesstølen, Nordalen, Kvinge søre og Kvingedal.

Det var heller ikkje tvist om grensa mellom stølsgrenda Storevasstølen og Kvinge nordre, men det var tvist om dette var ei bruksrettsgrense eller om det var ei full eigedomsgrense og dette var turvande å avgjera i samband med grensegangssaka, då baa partsgruppene krov dette avgjort.

Det var mekla i dette tvistespørsmål, men partane var ikkje samde og tvisten vart difor avgjord ved denne

Orskurd :

Saksøkjar i dette tvistespørsmål er :

Storevasstølen sine eigarar :

|                  |                         |
|------------------|-------------------------|
| Sjur M. Myr,     | gnr. 30 bnr. 2 i Lindås |
| Arnfinn Kleiven, | " 32 " 1 " "            |
| Arthur Kleiven,  | " " " 2 " "             |
| Johs. Hauge,     | " 29," 3 " "            |
| Ingrid Myr,      | " " " " "               |
| Ivar Åsgard,     | " 22," 2 " "            |

Dei saksøkte i dette tvistespørsmål er :

Kvinge nordre sine eigarar :

|                      |                              |
|----------------------|------------------------------|
| Eivind Kvinge,       | gnr. 37, bnr.1 i Masfjorden. |
| Leif L. Kvinge,      | " " " 2 " "                  |
| Bjarne B. Kvingedal, | " " " 3 " "                  |
| Ivar S. Kvinge,      | " " " 4 " "                  |
| Olav Fjellby,        | " " " 5 " "                  |
| Harald Kvingedal,    | " " " 6 " "                  |
| Oskar Fredheim,      | " " " 7 " "                  |
| Bjørn Rune Kvinge,   | " " " 8 " "                  |
| Alf H. Kvinge,       | " " " 9 " "                  |
| Kristine Rognøy,     | " " " 10 " "                 |
| Alf Kvinge,          | " " " 11 " "                 |
| Sigmund Solbakken,   | " " " 14 " "                 |
| Magnus H. Kvinge,    | " " " 16 " "                 |

I rettsmøtet den 3.-5. september 1979 har baa partsgruppene fått halde sine innlegg og målbore alt dei fann turvande med partsforklaringar og partane frå Kvinge nordre førde dessutan 2 vitner.

Saksøkjarane har her halde fram sitt syn på tvistespørsmålet og sagt fylgjande :

På hausttinget for Eikanger skipreide 1785 reiste brukarane på Nore Kvinge sak mot Hans Olsen Hauge og Erik Kleiven fordi dei hadde "bygget sæterboet ude i Nore Kvinges Udmærk og have flækket næver i deres skov". Hans Olsen Hauge møtte og tilkjennegav " at have havt tillatelse av avdøde Johannes

Holgersen Gillesvik, som tilegnet seg eiendom derav."

Saka vart utsett til neste sommarting, men ho kom ikkje att.

Ved utskifting på Nore Kvinge 19.sept. 1827 vart grensa fastlagd. "mellom Nore Kvinge og tilgrændsende Fjældstøl tilhørende John Olsen Kleiven, Storevasstølen." Dette er underskriven av " 6. oppsiddere fra Nore Kvinge."

Ikkje noko tyder på at dei har meint å ha nokon eigedomsrett på den andre sida av merket.

I 1792 skøyter Hans O. Hauge Storevasstølen til sonen Knud Hansen, som i 1811 skøyter til John Olsen Kleiven. John skøyter i 1838 til ein son og 2 svigersøner med 1/3 til kvar. Desse partane er seinare delte slik at Storevasstølen har 6 eigarar no, kvar med 1/6.

Fram til 1916 vart det drive varleg stølsdrift. Seinare vart han brukt som geitestøl og sauebeite, og no på slutten er det berre sauebeite og fritidsbruk. Vår påstand er at me har full eigedomsrett til Storevasstølen.

Fjellegarden har hatt mange eigarar. Fleire av dei var vossingar.

Johannes Holgersen Fønne får 29. mai 1775 skøyte på 9 mrk. smør i Fjelle frå Johannes Andersen Horvei for 41 riksdaler. Daget etter skøytte Johannes Holgersen bruket vidare til Sjur Knutsen Bolstad for 45 riksdaler, men held att Nordalen. Johannes hadde berre ei dotter som var gift med Anders Amundsen Gjelsvik. Johannes budde i Gjelsvik siste åra han levde. Han kjøpte eit bruk der og selde det att med det same til same pris og då med kår.

Etter Ivar Nøverdøl sitt vitnemål i rettsboka om Kalvedalen i 1843-45, var Nordalen " en betydelig dalstrekning til fjells. Den stølen som Johs. Holgersen bygde vart heitande Nordalen. Den som Hans O. Hauge bygde vart kalla Storevasstølen. Hans O. Hauge skøytte i 1792 Storevasstølen saman med bruket på Hauge til sonen Knut. Knut makta ikkje driva stølen lenge, so då Johannes Reknes i 1807 bygde stølshus på Reknesstølen var Storevasstølen "nedlagt og forlatt".

I 1811 får so John Olsen Kleiven skøyte på Storevasstølen. Han var vossing, hadde gard på Fjellsbø fyrst, men fekk kjøpa eit bruk i Kleiven og flytte dit. Han hadde planar om å byggja hus på Storevasstølen og rydja gard der, men det vart ikkje noko av.

Då Fjelle i 1823 bygsla bort Kalvedalen var nordgrensa, "midt nord for Steensdalsvatnet" (Kupevatnet). Men det ser ut som budeiene i Kalvedalen har vore so redd bjørnen at dei har halde buskapen rundt stølshusa, so dei på Reknes - og Duesundstølane har beita uhindra både på Horgi og ved Kupevatnet og Steinsetdalselva.

I 1854 krov Reknes/Duesund utskifting, grunna på den "for alders tid udøvende bruksrett." Dei møtte med sakførar og mange vitne. Fjelle-karane baud forlik og gav frå seg halvparten av det som vart kravd - og grensa vart sett som ho går i dag. Om opphavet til Reknesstølen vitnar Torger Torgersen Sannæs under åstadaak i Kalvedalen 1845:

" I 1806 eller 1807, da vidnet tjente på gården Reknes, hos Johannes Johannesen, var han for sin husbond, der med en anden mand, havde af mændene på Fjelde leiet et Støls-beite på vestre side nordenfor Storevas-enden i det påkaldte Nipeskaret, her i Kalvedalen, for at hugge tømmer til en Sæterbolig."

Dette peikar på ei nordgrense for Fjellegardane sin eigedom frå midt på Kupevatnet over Steinskardet til Illestifjellet.

Ei naturleg vestgrense skulle då vera Illestifjellet - Blådalsnipa-Storevasseggi-Middagsskardet.

Når det gjeld skylddeling, har ikkje det vore brukt på nokon av dei stølseigedomar som har vore utskilde i den fyrste tida. Av dei som er utskilde frå Fjelle erodet fyrst i 1873-74 at vestre parten av Botnen vart skyldsett og får bruksnr. 4 og skyld 8 øre.

Resten av Botnane og Råsefjellet utskild 1894 fekk bruksnr. 6 og skyld 17 øre. Grunnevasstølen 1896, bnr. 7 og skyld 10 øre.

Det var ikkje noko skyldskifte då Nordalen vart skild frå Fjelle, men ved revisjon av skylda vart eit stykke på Gjelsvik auka. Nordalen vart rekna å vera ein del av Gjelsvik gard nr. 9 i Lindås. Godt hundre år etter at Nordalen vart skild frå Fjelle - i 1879 - vart halve Nordalen skylddelt og utskild som bruk nr. 8 av Gjelsvik. Den andre halvparten var utskild tidlegare som bnr. 6 og skyld 17 øre.

Det var heller ikkje skylddeling mellom Kvinge og Kvamme-stølen. Men ved revisjon vart skylda på Kvamme auka. Og då vassretten på Kvammestølen vart seld i 1909 fekk han bruksnr. 6 under Kvamme.

Steinsetdalen vart skøytt frå Fjelle i 1825, - ikkje skylddeling.

Når det gjeld Storevasstølen syner fotostatkopi av Sødne Bergenhus Amt beskrivelse over matrikulerde eigedommar iflg. lov av 6. juni 1863, at dei bruk som då åtte Storevasstølen har fått tillegg i skylda av den grunn. Eigarane frå Storevasstølen la ned denne

Påstand :

Eigarane av Storevasstølen har full eigedsrett til heile Storevasstølsområdet her i medrekna Storevatnet innan grensene og eigedomsgrensa Kvinge nordre skal gå gjennom grensemerke 1 til 5 på grensegangskartet.

Dei saksøkte frå Kvinge nordre som er motpart i denne tvisten har halde fram dette :

Det tidlegaste ein finn i pantebøkene om bruk av Storevasstølen av folk frå Lindås herad, er frå 1785. Det er oppsitjarane på Kvinge Nordre som saksøker Hans Hauge og Erich Kleiven fordi dei våren 1785 hadde bygd sæter i Nore Qvinges udmark og flekt næver i deira skog. Erich Kleiven møtte ikkje fram til tinget og dette rettsmøtet. Hans Hauge tilkjennegav i retten at han hadde fått tilladelse av då avdøde Johannes Holgersen Gjellesvig til dette han no var saksøkt for.

Frå Kvinge Nordre vart det framført 3 vitne, der vitneutsegna går ut på at dei saksøkte, saman med drenger hadde bore næver i kiper til fjells, bygd sæterbolig og flekt næver i skogen der.

Erich Kleiven vart så innstemna til neste sommarting, for å gjera greie for seg, men dette har det truleg ikkje vorte noko av, for panteboka syner ikkje noko framhald i denne saka, og heller ikkje går det fram at der er vorte avsagt nokon dom.

I den lange dokumentlista som vart framlagt i jordskifte-retten på Storevasstølen 13. juni 1978, gjeld dokument nr. 24 denne saka.

I 1792, den 21. mai skøyter Hans Olsen Hauge bruket sitt over på sonen Knud Hansen, og der er også Storevasstølen nemnd. Dette gjeld dokument nr. 33 i ovannemnde dokumentliste.

Den 1. mai 1811 skøyter Knud Hansen Hauge Storevasstølen til John Olsen Kleiven for 40 R. Vi viser her til dokument nr. 34.

Men same året, den 17. oktober 1811, er det at Friderik den sjette, konge av Danmark og Norge gjev skøyte til John Olsen Kleiven på den ved Lejlendingen Jakob Michelsens Død bøgseleddig blevne part i gården Kleven, Matt.N. 31 i Echanger Skibrede for 610 Sp.da.

Av Herligheder og Rettigheder som vart overdregne med dette skøyte, er også nemnd Sæter og Sæterboliger. Ein må tru dette gjeld Storevasstølen, då ein ikkje kjenner til at garden Kleiven har drive sæterbruk annan stad. Forunderlig er det då at Storevasstølen er komen på salg att, men no som stats- og kyrkjegods.

I 1824 får John Olsen Kleiven kongeleg skøyte på ein annan part av garden Kleiven. Nå er det Kong Carl Johan, konge av Sverige og Norge som overdreg ein part, men i dette skøyte er ikkje Storevasstølen nemnd.

Den 19. sept. 1827 var der grenseoppgang mellom Storevasstølen og garden Kvinge Nordre si øvrige fjellmark. Sjå dokument nr. 31 i ovannemnde dokumentliste.

Den 26. oktober 1838 skøyter John Olsen Kleiven til sonen Ole Johnsen, den parten av Kleiven som han sjølv hadde fått kongeleg skøyte på i 1811, og den parten han fekk kongeleg skøyte på i 1824 skøyter han over på svigersonen Niels Olsen. Storevasstølen er ikkje nemnd i desse 2 skøyter. I skøyte av same dato overdreg John Olsen Storevasstølen til sonen Ole Johnsen og svigersønene Niels Olsen og Mikkel Sjursen Hauge, 1/3 til kvar av dei.

Ein viser her til dok. nr. 35 i dokumentlista.

Etter den tid er Storevasstølen skift mellom ymse rettigheits-havarar, f.d.m. på gardane Kleiven, Hauge og Myr. Garden Myr kjøpte seg inn i Storevasstølen i 1880-åra, og dei betalte då til dei andre rettigheitshavarane 100 Sp.d. for 1/6-del av stølen.

Beiteområdet Storevasstølen ligg mellom Kvinge Nordre si sams fjellmark og Masfjorden si heradsgrense- no med Lindås herad- før siste kommunedeling med Hosanger herad. Driftevegen frå denne stølen går over Kvinge Nordre si fjellmark og heimeut-mark fram til lendingsplass for føringsbåtar på sørsida av Nordkvingevågen.

For tida er det berre sauer som beiter der. I 1920 åra var det også dreve med geiter. Desse var sume år drivne heim frå fjellet om hausten over garden Kvingedal. Før 1920 var der ogso beiting av storfe.

Beiteområdet Storevasstølen ligg i Masfjorden herad.

Den har aldri fått noko matrikkel-nummer, aldri har den vorte skylddelt og skøytt frå nokon gard i Masfjorden. Dette at Hans Hauge på tinget i 1785 hevda å ha fått løyve til å byggja sæter ved Storevatnet av Johannes Holgersen Giellesvig som då var død, er ein mager påstand. Alt den gongen vart det slege fast at dette beiteområde var garden Kvinge Nordre sin eigedom. Dette har også parthavarane på Kvinge Nordre ned gjennom tidene vorte gjort kjent med.

Kvinge nordre la ned denne

påstand :

Det er garden Kvinge nordre gnr. 37 i Masfjorden som har grunneigedom retten til beiteområdet Storevasstølen, men stølsbrukarane på Storevasstølen har beiterett i området til ligs med grunneigarane frå Kvinge nordre. Eigedom retten til Storevatnet føl grunneigedom retten til land.

Den saksøkte, Nordhordland Kraftlag, har halde fram at under desse rettsforhandlingane er der komen opplysningar som etter vår meining syner at garden Fjelde som Nordhordland Kraftlag no er eigar av har fått eigedom retten for heile området omkring Storevatnet fram til slutten av 17 - hundre - talet.

Områda vest og nord for Storevatnet, no Storevasstølen, vart då frådelte i og med at området låg under Nordalen som vart halde unna då Johs. Holgersen Fennes i 1775 selde garden Fjelde til Ole Sjursen Fjelle. Dette vart truleg gjort avdi garden som Johs. Holgersen Fennes kjøpte på Gjelsvik i Lindås kommune hadde dårlege beiteområde. Det må difor vera beiteområda som her har vore det primære og det er difor ingen grunn til å tru at Storevatnet har følgt med i frådelinga..

Vi vil nemne at det i den tida ikkje var så uvanleg at grensene gjekk langs vatnet utan at det var eigaren av grunnen som støyte til som hadde retten til vatnet.

Dette finn ein døme på i utskiftingsforretning frå 1832 for garden Sætre i Lindås kommune, der grensa mellom garden Fjelle og Sætre føl sørsida av Båtevatnet utan at Fjelle har noko eigedom rett over grunnen på denne sida.

Ved frådeling av Kalvedalen er grensa skriven etter stranda og dette tyder på at vatnet ikkje var med då Storevasstølen vart utskild og vatnet har truleg då i 1775 framleis tilhøyrande Fjellegarden og var ikkje med i det som Fenne held att i 1775.

Nordhordland Kraftlag la ned denne

påstand :

Det er Fjelle, gnr. 224, bnr. 1-3 og 5 som eig den delen av Storevatnet som ligg vestom grensa som vart opptrekt mellom Kalvedalen og Storevasstølen ved grensegang for Kalvedalen i 1974. Denne påstand vil ikkje sei det same som at det er akseptert at grensa for Kalvedalen skal gå ut i vatnet.

Retten skal få merka :

Denne tvisten gjeld grensefastsetjing for stølen Storevasstøl som ligg i fjellområdet mellom noverande Lindås og Masfjorden herad. I samband med denne grensefastsetjinga har der oppstått tvist om grensa er ei full eigedomsgrensa eller berre ei bruksrettsgrense på strekninga mot Kvinge nordre.

Storevasstølen er ein støl som vart oppteken i 1785, men denne stølen har hatt noko ulike namn fram gjennom tidene. Han har vorte kalla Myrsæter, Vossesæter, og nemninga Kleiv-sæter har også vorte nytta på stølen. Stølsområdet til stølen ligg stort sett kring storparten av Storevatnet, men i austenden av vatnet ligg ein annan støl som vart kalla Kalvedalen og denne soknar også delvis til Storevatnet.

Storevasstølen ligg ca 5 km i luftline frå garden Fjelle og frå Storevatnet renn vassdraget søraustover omlag i rett line forbi garden Fjelle og stølen ligg såleis i eit dalføre som frå retten si side vert sett på som eit naturleg dalføre frå Fjelle og framover til stølen.

Nordre Kvinge som er saksøkte i tvisten har gardane liggande ved Austfjorden og i luftline frå desse gardane fram til Storevasstølen er også ca 5 km. Men skilnaden her er at frå Kvinge må ein over ei fjellhøgde som vert kalla Storevass-eggene for å koma ned i området ved Storevasstølen.

Dessutan er terrenget her slik at det er vanskeleg å koma ned frå Storevaseggene til Storevasstølen. Etter gransking og partsforklaring på åstaden synte det seg at det berre var

på ein stad at storfe kunne taka seg ned frå Storevasseggene til Storevasstølsområdet. Denne staden vert kalla Øvstebotnen og ligg omlag sør for gamle Myrsæter. Der vart støls- husa oppførde første gongen og det var i 1785.

Frå Fjelle og fram til Storevasstølen er ein etter måten lett og lageleg framkomstveg, medan jordskifteretten er av den meining at frå Kvinge nordre var det ein tung og vanskeleg tilkomst. Dette finn retten er av stor innverknad på tvistespørsmålet, då ein må prøva å finne ut kven området har vore utnytta av frå tida før Storevasstølen vart bygd.

Etter terrengtilhøva er såleis jordskifteretten komen til at det er heilt naturleg at Storevasstølsområdet frå først av, når ein ser historisk på dette, har vore okkupert av eigarane på Fjelle ved at aktiviteten har vore utøvd derfrå.

Ein annan ting som talar for at området frå først av har høyrte til garden Fjelle er at grensene då i hovudsaka har fylgt vasskillet og dette er dei fleste stader ein tradisjon på desse kantar d.v.s. at yttergrensene for gardane eller rettare sagt gardsnummera føl vasskillet.

Kvinge nordre har ikkje kunna påvist nokon stadig bruk av området, men med parts- og vitneforklaringar er framcome at kyr frå Kvingestølen i ruskever av og til kom ned i Øvstebotnen som ligg litt innanfor tvistegrensa. Budeiene likte likevel ikkje at kyrne gjekk der då det var alt for tungt og vanskeleg å gå dertil.

Garden Fjelle har i alle høve drive slått langt innover i dalføret for folk kan hugsa at det stod **stengar** etter høystakkar vest for Kringlevatnet som ligg like nedanfor Storevatnet og dette tyder på at aktiviteten frå Fjelle i eldre tider ikkje var liten i området.

Dette som er sagt framanfor er slik som jordskifteretten meiner at området har vore brukt kanskje før Storevasstølen vart oppteken, men frå den tid Storevasstølen vart oppteken eller kjøpt er der skriftlege prov som vil stø avgjerda.

Det første ein finn her er at Johannes Andersen Horvei sel garden Fjelle av 9 merker smør til Johannes Holgersen Fenne den 29. mai 1775.

Den 30. mai 1775 sel så Johannes Holgersen Fenne garden Fjelle av 9 merker smør til Sjur Knudsen Bolstad, men han held då att stølen Nordre Nordalen. Vi skal her merka oss at det ikkje vert atthalde skyld for området Nordre Nordalen som ikkje er med i handelen. No har dei saksøkte frå Nordre Kvinge halde fram at sidan det ikkje er halde att skyld, må det vera ein bruksrett som er i Storevasstølen, men dette tel ikkje i rettstilhøvet mellom Nordre Kvinge og Fjelle eller Storevasstølen, for om der er halde attende ein bruksrett på Fjelle kan ikkje Nordre Kvinge tileigna seg denne likevel då det er rettstilhøve som vedkjem Fjelle. Retten er av den meining at Fenne i 1775 held attende ein del av det som er stølsområdet til Nordalstølen og dessutan held han attende det som i dag vert kalla Storevasstølen. Alt dette ilag går her under nemninga Nordre Nordalen.

Dette finn ein prov for i dei skriftlege vitneutsegnene frå ei sak av 1843-45 som då gjekk mellom Fjelle og eigarane på Storevasstølen om Skoghogget i Kalvedalen.

Dette finn ein i dokument nr. 15 i denne sak.

I tidsrommet mellom 1775 og 1785 har så Fenne selt ein del av Nordre Nordalen til Hans Hauge og Erich Kleiven. Her må ein gå ut frå at Hans Hauge bur på Hauge i Lindås og at Erich Kleiven bur på Kleiven i Lindås.

Dette er ikkje noko usannsynleg for i 1775 flytte Fenne frå Fjelle til garden Gjelsvik som også ligg i Lindås på sørsida av Austfjorden og dette finn ein også prov for i vitneutsegnene i Kalvedalsaka, dok. nr. 15.

Her går det også fram at Fenne ville nytta noverande støl Nordalen i samband med si eiga gardsdrift på Gjelsvik, men området Storevasstølen, går det fram etter vitneutsegn i nemnde sak, vart seld til Hans Hauge.

Det må etter retten si meining vera denne handel mellom Fenne og Hans Hauge som gjorde at Hans Hauge og Erich Kleiven bygde stølshus på Storevasstølen i 1785. Dette finn ein prov for i dokument nr. 24 som er ei sak mellom dei to sist nemnde og oppsitjarane på Nordre Kvinge.

Dei siste krav stølshusa fjerna då oppsitjarane på Nordre Kvinge meinte Storevasstølsområdet tilhørde dei. Det synt seg likevel at denne saka ikkje førde til noko og Hans Hauge og Erich Kleiven held fram med å bruka stølsområdet som sin eigedom og dette har dei halde fram med like til dags dato, men stølen har seinare vorte oppdelt av fleire eigarar. Det har heller ikkje kome fram under saka at det i desse 200 år har kome protestar frå oppsitjarane på Nordre Kvinge.

Med omsyn til at stølen seinare har vore oppdelt slik at det i dag er 6 like partar tilseier at det ikkje er ein bruksrett det har dreier seg om, for det er ikkje rettsleg praksis at ein bruksrett kan utvidast eller ekspandere slik som her er gjort fram gjennom tidene, men det kan gjerast med full rettsleg basis når det er full eigedomsrett.

Retten trur difor at stølen er kjøpt på dette tidspunkt. Skylda for stølane har vorte pålagd ymse bruk i Lindås som stølane høyrde til ved revisjon av matrikkelen og dette har ein prov for i dokument nr. 36, som er matrikkelrevisjon, der Hauge, matrikkel nr. 86, løpenr. 273 har fått ei auke i skylda på 2 ort og 3 skilling.

Retten er sjølvstekt klår over at det ikkje er heilt rett eller lovmedhaldig at desse stølsområde har vorte haldne tilbake i 1775 utan at det var halde skylddeling, men vi får her vera klår over at dette ligg langt attende i tida.

I dag står det 5 stølshus på området og det siste var frådelt og oppført så seint som i 1940 åra og til dette har det aldri kome protest frå Nord - Kvinge. Det er ikkje halde framfrå eigarane på Storevasstølen at det i alle høve må ha tileigna seg stølen ved alders tids bruk, men retten vil likevel nemna at tilhøva er fullt ut tilstades for dette.

Den 21. mai 1792 skøyter Hans Olsen Hauge til son sin Knut Hansen og i skøytet er uttrykkeleg medteke "Udmarks Sætterstøl, Storevasstølen kaldet," dette er dokument nr. 33.

Den 1. mai 1811 skøyter Knut Hansen Hauge Storevasstølen til John Olsen Kleven, dette er dokument nr. 34.

Den 17. oktober 1811 kjøper John Olsen Kleven matrikelnr. 31 i garden Kleiven og med i handelen føl også Storevasstølen. Denne skøytar er ei kongeskøyte og dette bruket vert då eit sjøelveigande bruk for John Olsen Kleven.

Den andre parten sin del i Storevasstølen hørde til dette bruket og den delen kjøpar John Olsen Kleven ved denne kongeskøyta og den andre parten i Storevasstølen hadde han kjøpt den 1. mai 1811 og er no eigar av heile Storevasstølen. Dette finne ein også prov for i utskiftningsforretning av 17. sept. 1827 og der står det fylgjande : " Den 19<sup>de</sup> do. blev ligesaa foretaget og befaret Grænsemærket i mellom nor Qvinge og tilgrændsede Fieldstøl tilhørende John Olsen Kleyven, storevasstølen kaldet" -----

Her er nytta uttrykket tilhørende og jordskifteretten tyder dette slk at det er meint at stølen er eigd av John Olsen Kleiven. I denne utskiftingsforretning er partane frå Nordre Kvinge og John Olsen Kleiven vorte samde om grensa og same grense er partane vorte samde om i denne sak. Spørsmålet er no om dette er ei eigedomsgrense eller ei bruksrettsgrense. På den tid denne utskiftinga var halden var det vanleg på mange gardsnummer at dei gjekk opp grensene rundt heile gardsnummeret sin eigedom mot alle grannegardar som støytte inntil og dette kalla dei då ein utskiftingsforretning.

Det er nettopp det som er gjort på Kvinge nordre. Her tek dei til med garden Mjanger, deretter med garden Kvingedal, så mot Storevasstølen og mot garden Søre Kvinge. Dette tilseier at Storevasstølen har vore sett på som ein tilstøytande eigedom.

I dokument nr. 19 som er forlikshandsaming i 1833 om grensa mellom Reknesstølen og Storevasstølen finn ein at ~~Nordre~~ Kvinge ikkje er innkalla eller har vore med i saka. Hadde eigarane på Nordre Kvinge hatt beiterett i Storevasstøls-området tilligsmed eigarane på Storevasstølen var det naturleg at desse hadde vore med i saka. Ein må difor sjå dette som eit indirekte prov på at Kvinge ~~mordre~~ ikkje hadde beiterett i Storevasstølsområdet og då beite er den mest aktuelle utnyttning tilseier dette også at Nordre Kvinge ingen eigedomsrett har til grunn.

I ein utskifting av 9. oktober 1838 for Nordalen er det hevda frå Nordre Kvinge sine partar i denne sak at for John Kleiven sin støl i Storevasstølen er nytta ordet : "Stølsbeitning" medan det for Søre Kvinge er nytta ordet "Eiendom". Dette tilseier, meiner partane frå Nordre Kvinge, at Storevasstølen berre er ein bruksrett for John Kleiven.

Retten skal her gjera merksam på at ordet "Stølsbeitning" også er nytta for Nordalen sitt vedkomande og Nordalen vert anerkjend som full eigedom og ein annan ting som retten vil gjera merksam på er at dersom Nordre Kvinge hadde grunneigedomsrett og beiterett tilligs med John Kleiven, måtte dei ha hatt interesse i å vera med i saka som partar, då grensene ville vere meire aktuelle for dei enn for John Kleiven, men partane frå Nordre Kvinge har ikkje vore med i denne sak eller utskifting og dette er eit prov som går mot deira påstand i saka.

I skøyte av 26. oktober 1838 skøyter John Olsen Kleiven Storevasstølen til son sin Ole Johnsen og dei 2 svigersønene sine Niels Olsen og Mikkel Sjørnsen Hauge, kvar med 1/3 av stølen. I denne skøyta er sagt at det er "fuldkommen Eienomsrett". Dette syner at stølseigarane på Storevasstølen på dette tidspunkt har vore av den meining at det var full eigedomsrett.

No er Storevasstølen delt på 3 eigarar og som før sagt vert han seinare oppdelt slik at det i dag er 6 eigarar med lik del som kvar har ein ideell del i sattersameiga. Denne skøyta er dokument nr. 35.

No er vi komen fram til år 1843, då vart det reist sak mellom eigaren av Fjelle og stølseigarane på Storevasstølen og dette finn ein i dok. nr. 15. Saka gjaldt hogst av skog i Kalvedalen, men dette er utan provsverdi i denne sak. Det som i denne sak kan klårgjera mykje vedkomande eigedomstilhøva for Storevasstølen er at vitneutsegnene i denne sak er nedskrevne.

Her har retten serleg fasta seg ved vitneutsagnet frå Ole Hansen Myking som er son til Hans Hauge som kjøpte stølen første gang i ca 1780 åra. Han skulle såleis kjenne godt til tilhøva. På side 15 i Kalvedalsaka seier dette vitnet Ole Hansen Myking, "dog med det uttrykkelige Tillæg at det omhandlede Udmærkstykke Kalvedalen kaldet, henhørte til den Deel af den hele Udmærksstrækning "Nord dalen" som Johannes Holgersen der var kommen fra Gaarden Fadnæs beholdt tilbage og som, senere blev kaldt Storevasstølen og ble længere hen i Tiden solgt til Indstevntes Fader John Olsen " -----

På dette tidspunkt er det kome andre eigarar på Storevasstølen slik at ein må kunne legge vekt på dei opplysningar som her kjem fram om at Storevasstølen er kjøpt i 1780 åra.

I dokument nr. 64 vart plassem Hagen under garden Kleiven skyldsett og overdregen, med i denne handel føl også andel i sæterstølen Storevasstølen og Ola Johannessen Nordre Qvinge var med som lagrettedmann og dette tilseier at oppsittjarane på Nordre Kvinge måtte kjenne til at dela av Storevasstølen gjekk på handel og vart medtekne i skyldskifte så tidleg som i 1848, og desse dokument vart då tinglesne som partar på Nordre Kvinge kjende til. Dette er eit prov som syner at skylda for Storevasstølen er medteke og inkorporert i skylda på dei gardar som eig Storevasstølen.

No har Kvinge nordre påstått at grensa for Nordre Kvinge går til heradsgrensa og denne er fastlagd ved ei grensenemnd av august 1932. Dette er vedlegg nr. 63. Av denne grensenemndshandsaminga går det ikkje fram at partane frå Storevasstølen har vore med og det går heller ikkje fram at partane frå Kvinge nordre har vore med. Ei slik grensenemnd kan difor ikkje av-

gjera ei eigedomsgrense utan at partane er tilstades og godkjenner grensa. At grensa her vert kalla kommunegrense, tel ikkje, for kommunegrensene er til vanleg grensene for dei gardsnummer som høyrer til i kommunen.

Retten finn difor ikkje å leggja avgjerande vekt på det som er sagt om kommunegrensa på området ved Storevasstølen. Retten er av den meining at då alle eigarane i Storevasstølen har skylddelte bruk i Lindås og då stølen er ein del av desse bruk, vil kommunegrensa gå mellom Nordre Kvinge og Storevasstølen.

Garden Nordre Kvinge har stølen sin ved Sættertjønna sør-aust for Blådalsvatnet og stølinga her tók til omlag same tid som på Storevasstølen dvs ca 1770-80 åra.

Etter parts- og vitneforklaringane har dei frå Nord Kvinge-stølen beita området ved Blådalsvatnet og oppå Klefjället og oppå Storevasseggi, men ein har før kome til at kyr frå Nord Kvinge stølen berre sporadisk i ruskevær har vore nede i Storevasstølen sitt beiteområde og då berre i Øvstebotnen sør for gamle Myrsæter.

Ein skal her vera klår over at når bae desse stølane var i bruk og der var folk på Myrsæter ville desse truleg passa på nedgongen i Øvstebotnen som berre ligg nokre hundrad meter sør for stølshusa.

At eigarane på Nordre Kvinge har kjent til korleis Storevasstølen har vore brukt ned gjennom tidene er nokså innlysande, for eigarane av Storevasstølen har alltid hatt sin drifteveg over Kvinge nordre si utmark og dessutan har dei fast lendingsplass i Nord Kvingevågen.

Dei må også ha vore klår over at eigarane av Storevasstølen har gjennom tidene teke inn leigebeist for hamning i Storevasstølsområdet. Dersom dei på Storevasstølen berre hadde hatt ein beiterett på Nordre Kvinge sin eigedom, ville eigarane frå Nordre Kvinge ha protestert mot dette, men slik protest kjenner ein ikkje til er komen.

Stølseigarane på Storevasstølen har alltid hatt båtar i Storevatnet og drive garnfiske i samband med stølsdrifta og dette syner at aktiviteteten har vore stor også for Storevatnet sin del. Stølseigarane på Storevasstølen har også sett ut fiskeyngel i Storevatnet.

Nordhordland Kraftlag som eigar av gnr. 224, bnr. 1, 2, 3 og 5 Fjelle i Lindås herad, har i denne sak lagt ned påstand om at Storevatnet høyrer til ovannemnde bruksnummer.

Dette grunngjev dei med at eigarane av Storevasstølen berre har ein bruksrett til stølsdrift og då Storevasstølen vart halden attende ved salet i 1775 var såleis ikkje vatnet med i undantaket. Dei har likevel ikkje påstått at dei eig noko på land rundt Storevatnet. Det har heller ikkje kome fram at Fjelle har nytta eller brukt vatnet på nokon måte sidan 1775.

Retten er av den meining at skulle der vera nokon annan eigar til Storevatnet enn landet rundt, måtte dette koma fram med direkte undantak, for den vanlege rettspraksis har vore at eit vatn av ein slik storleik føl eigedsretten på land. Jordskifteretten har før grunngjeve at eigedsretten rundt Storevasstølen tilhøyrer stølseigarane der og vatnet må difor også tilhøyra desse. Bruken av vatnet tilseier også dette, for fiske har vore nytta av stølseigarane. Dei har hatt båtar i vatnet heile tida og til og med hatt naust der.

Retten er difor komen til at eigedsretten til den del av Storevatnet som soknar til Storevasstølen er full eigedsrett for stølseigarane på Storevasstølen.

Etter det som framanfor er sagt er det svært lite som talar for at Storevasstølsområdet har vore brukt frå Kvinge nordre og jordskifteretten er difor komen til at Nordre Kvinge ingen bruksrett har i området og dette tilseier også at dei ikkje har grunneigedsrett til området.

Ein kan heller ikkje finna dokument som peikar i den retning at Nordre Kvinge skal få rett i sin påstand og jordskifteretten sit att med det inntrykk at Nordre Kvinge aldri har vore partar i tvister eller liknande i Storevasstølsområdet.

Orskurden er samrøystes og etter jordskifteretten sitt skjøn er verdet av tvisteemnet over kr. 500,- og verdet av tvisteemnet om eigedomsretten til Storevatnet er også over kr. 500,-.

#### Slutting.

Eigedomsgrensa mellom gnr. 37, Kvinge nordre i Masfjorden på sørvestre side og eigarane av Storevasstølen gnr. 22, bnr. 2, gnr. 29 bnr. 3, gnr. 30, bnr. 2, gnr. 32 bnr. 1, gnr. 32 bnr. 2 og Ingrid Myr sin stølseigedom på den motsette sida, tek til i kross i fjell (1) i Middagsskaret og går VtN i rett line 211 m til kross i fjell (2) i vestre kant av Middagsskaret, herfrå i rett line NVtN 668 m til kross i fjell (3) oppå hamrelaget, same retning 681 m til kross i fjell (4) oppå hamrelaget og herfrå NVtN noko vestlegare i rett line 612 m til kross i fjell (5) oppå hamaren midt i Blådalskaret og i austre kant av skaret.

Storevasstølsområdet aust for denne grense og den del av Storevatnet som soknar til Storevasstølen er full særeigedom for dei ovannemnde stølseigarar på Storevasstølen.

Grensa er avlagd på grensegangskart for Storevasstølen.

Den del av grensa for Storevasstølen som ikkje er omtvista vert å skriva slik :

Frå grensemerke 5 i Blådalskaret og nordaust-over, grensar stølseigedommen til Storevasstølen inntil på søraustsida og på den motsette sida grensar stølseigarane på Reknesstølen inntil og grensa tek til i grensemerke 5 i Blådalskaret og går ANA i rett line 252 m til kross i stein (6) nord for tjønna i Smørskåpet, herfrå omlag same retning noko meir nordleg i rett line 259 m over tjønna til kross i stein (7) oppå høgde, herfrå NATa i rett line 125 m til kross i fjell (8), herfrå omlag same retning noko meir nordleg 130 m til kross i stor stein (9) aust for vegen, herfrå NA i rett line 360 m til kross i stor stein (10), herfrå omlag same retning 141 m til kross i fjell (11), herfrå ANA i rett line 215 m til kross i stein (12), herfrå AtS i rett line 236 m til kross i fjell (13) i vestre kant av Horga, herfrå StV i rett line 542 m til kross i fjell (14) i sørvestre kant av Horga.

Herfrå grensar framleis stølseigedomen til eigarane på Storevasstølen inntil på vestsida og stølsområdet til Kälvedalen, gnr. 224 bnr. 8 inntil på austsida og grensa tek til i sist skrivne punkt og går StA i rett line 792 m til kross i fjell (15) i loddrett berg ved Storevatnet.

Herfrå til orfallet er grensa mellom Kälvedalen og Storevasstølen tidlegare fastlagd.

Herfrå grensar stølseigedomen til eigarane på Storevasstølen inntil på vest- og nordsida og stølen Nordalen, gnr. 224, bnr. 4 inntil på den motsette sida og bruksrettsgrensa for stølen Kälvedalen frå orfallet søraustover slik som tidlegare fastlagd i grensegangssak og grensa tek til i kross i fjell (16) ved orfallet og går SVtV i rett line 45 m til kross i fjell (17) under fjellfoten, herfrå SSA i rett line 264 m til kross i fjell (18), herfrå SATA i rett line 85 m til kross i fjell (19), herfrå SATS i rett line 195 m til kross i fjell (20) (mellom dei to siste grensemerka sluttar bruksrettsgrensa for Kälvedalen), herfrå SVtV i rett line 58 m til kross i fjell (21), herfrå V i rett line 220 m til kross i fjell (22), herfrå omlag same retning noko meir nordleg i rett line 163 m til kross i fjell (23), herfrå omlag same retning noko meir sørleg i rett line 210 m til kross i fjell (24), herfrå omlag same retning noko meir nordleg i rett line 355 m til kross i fjell (25) og herfrå SV i rett line 149 m til kross i fjell (26).

Herfrå grensar stølseigedomen til eigarane på Storevasstølen inntil på nordaust-sida og på motsette sida grenser gnr. 38, Kvinge søre inntil og grensa tek til i sistskrivne punkt og går SVtN i rett line 223 m til grensemerke 1 i Middagsskaret.

I grensemerke 5 i Blådalskaret grensar også gnr. 36 Kvingedal inntil.

Alle grensemerka er avlagd på grensegangskart for Storevasstølen.

Kostnader : Sum kr. 5.710,50

.....

Alle skuldige jordskiftekostnader vart betalt på staden og dei som hadde tilgode jordskiftekostnader fekk dette utbetalt.

Rettsboka vart opplest den 14. september 1979 og tilstades ved opplesinga var :

Ivar Åsgard, Anfinn Kleiven, Arthur Kleiven, Sjur Myr, Ivar Kleiven, Ivar S. Kvinge, Eivind Kvinge, Leif L. Kvinge, Oskar Fredheim, Alf H. Kvinge, Olav Fjellby, Harald Kvingedal, Bjarne M. Kvingedal, Sigmund Solbakken, Bjørn Rune Kvinge, Asbjørn Kvinge, Magnus E. Kvinge, Oddvar Kvingedal, Nils Sevrås og Ola N. Hodneland med skriftleg fullmakt frå Ivene Hodneland, vedlegg nr. 71.

Saka vart kunngjord den 14. september 1979 i rettsmøtet ved opplesing av saka.

Saka vert sett iverk den 10. desember 1979.

Rettsformannen gjorde greie for ankereglane.

Etter tilspurnad frå rettsformannen kom det ingen merknad til leidinga av retten eller føringa av rettsboka.

Den tinglyste avskrift av saka vert å taka vare på av eigaren av gnr. 37, bnr. 1, Kvinge nordre til sams bruk for alle partane.

Retten heva.


Kvinge nordre den 14. september 1979.

Sverre Aardal  
(s)

Øystein Vikane (s)

Karsten Kaland (s)

Rett utskrift :

  
Sverre Aardal  
Jordskiftedommar